



Begeistra: Dalen snøfres går som varmt kveitebrød om dagen. Frå venstre: Marknadsansvarleg Bjarte Endal, dagleg leiar Svein Ove Lid og IT-ansvarleg Dag Rune Lid gler seg over framgang og smittande begeistring i verksemda.

Livskraftig verksemd friskar op

Lid jarnindustri AS går så det susar. Verksemda sette ny omsetnadsrekord i 2010 med åtti millionar kroner. Framgangen vert understreka med ny logo og ny visjon.

LARS ARVID OMA

Etterspurnaden er så stor at det er ventetid på fleire sentrale produkt. Sjølv i kjølvatnet etter finanskrisa, i 2009 gjekk Lid jarnindustri med overskot. Dei siste tjue åra har omsetnaden auka frå tjue til åtti millionar kroner, utan eit einaste år med rauda tal, og med same talet på tilsette. Som om ikkje det var nok, oppnår verksemda også gode overskot i drifta.

Merka knapt finanskrisa

– Dei to siste åra har det vore ein stor styrke å vera knytt til den norske marknaden. Me eksporter lite, og vart ikkje ramma av finanskrisa i særlig grad. Andre land i Europa har fått kjenna nedgangstidene langt hardare, seier IT-ansvarleg Dag Rune Lid.

Lid har vore marknadsansvarleg sidan byrjinga av 90-talet, og har no gått over i stillinga som IT-ansvarleg.

– Går mot straumen

Verksemda hadde ein nedgang i omsetnaden på 11 prosent frå 2008 til 2009. Deretter snudde utviklinga. Auken i omsetnaden i den norske marknaden frå 2009 til 2010 var på 30 prosent.

– Trekkjer me frå nedgangen i eksporten, sit me att med ein auke på 25 prosent, fortel Lid.

Også naturen har spela på lag med den tradisjonsrike verksemda

i Steinsdalen dei to siste vintrane. Då finanskrisa slo inn over landet, stilte naturen opp med streng kulde og mykje snø. Det har auka etterspurnaden etter snøfresarar og anna brøyteutstyr.

– Me har alltid hatt lokal forankring, og leiinga har bestemt seg for å produsera i Kvam. Verksemda har på mange måtar gått mot straumen, og det gjer me framleis. Me har satsa på profesjonelle produkter som er dyraare enn ein del andre konkurrerande produkt på marknaden. Det har vist seg at me har lukkast med strategien. Ifølgje kundane leverer

me pålitelege varer med god totalkonsumi, seier Lid.

Ifølgje leiinga stiller produksjonen i eit høgkostland høge krav til kompetanse, effektivitet, omstillingsevne og kvalitet. Verksemda har ikkje høve til å kvila på laurbæra.

Begeistring som drivkraft

– Det er bakgrunnen for den nye visjonen vår: *Begeistring i kvar detalj*. Saman med ein ny moderne logo illustrerer dette ambisjonane våre. Me skal arbeida systematisk for å vera best og liggja i forkant av utviklinga. Samstundes

skal heile organisasjonen arbeida for ei kontinuerleg betring i produksjonen. Å skapa begeistring for det me held på med, ned til minste detalj, er viktig, seier marknadsansvarleg Bjarte Endal.

Internt har ein nytta kong Olav V sitt utsagn – *utrolige ting kan skje om begeistring blir brukt som drivkraft* – for å understreka kva som kan skje når begeistringa får påverka kvardagen.

– Utfordringa er å halda fram med å begeistra målgruppa vår og kundane, og å tilpassa visjonen som ein integrert del av produksjonen. Me tek utgangspunkt i



Logoar: Logoar frå ulike tidsepokar. Til venstre er ein variant frå byrjinga av 50-talet. Til høgre er dagens utgåve.





Avansert: Lid jarnindustri har for lengst teke i bruk høgteknologi i produksjonen. Her ser me ein av sveiserobotane.

p logo og visjon

det som fungerer, og set oss høge, framtidsretta mål saman med produksjonsarbeidarane. Begeistringa kjem når opplevelingane overgår forventingane. Det motsatte er misnøye, seier Endal.

- Sprudlande logo

Leiinga har, saman med dei tilsette, allereie innført fleire konkrete endringar som følgje av arbeidet med den nye visjonen. Endringane har lettet produksjonen, og samstundes betra kvaliteten på ein del "fokusområde".

– Ekte begeistring i det daglege har stor smitteeffekt på heile organisasjonen. Til sjuande og sist handlar det om inkludering og rett tilnærming til utfordringane, seier Endal.

Det er minst tjue år sidan logoen til Lid jarnindustri sitt vart fornøya.

– Som ein kan sjå, er den nye logoen enkel, men samstundes mukbare, meir sprudlande og med eit meir moderne preg. Me ynskjer å fortelja at me er ei moderne og dynamisk verksam med framtidvisjonar, seier marknadssjefen.

Det fyrste produktet med den nye logoen gjekk ut av fabrikken

førre onsdag.

– *Kva er hovudutfordringa til Lid jarnindustri?*

– Me må yta ekstra for å kunna produsera lokalt og samstundes vera konkurransedyktige. Me er avhengige av nøgde kundar og gjenkjøp. Difor er det avgjerande å skape begeistring, både i produksjonen og ute hjå kundane, for å sikra den rette kvaliteten, seier Endal.

Generasjonsskifte

Det er ikkje berre logoar og visjoner som er nye i verksamda. Ein ny generasjon leiatarar er i ferd med å ta over.

Geir Lid, som har vore dagleg leiari sidan midten av 80-talet, overlét leiistarillinga til Svein Ove Lid (34) ved årsskiftet. Geir Lid skal framleis vera med i drifta, men skal først og fremst arbeida med den daglege kundekontakten.

Olav Lid, som har vore produksjonssjef i ein mannsalder, skal etter planen trappa ned når han vert pensjonist i mai. Han skal framleis arbeida med tilrettelegging av større investeringar i maskiner og utstyr. Sigve Lid (29) vert ny produksjonssjef. Bjarte Endal

overtok stillinga som marknadsansvarleg etter Dag Rune Lid i fjor sommar, då Lid gjekk fekk jobben som IT-ansvarleg.

Dagleg leiari, siviløkonom Svein Ove Lid, kjem frå ei rådgjevarstilling i Sparebanken vest i Norheimsund, der han var tilsett i ti år. No er han godt i gang i sjefsstolen på Lid jarnindustri.

– Det er ei utfordrande og spennande stilling. Lid jarnindustri har vore gjennom store endringar, og eg kjem inn i arbeidet i ei tid der drifta er svært god. Det er inspirerande, og eg har allereie funne meg godt til rette i "stolen" etter ein månads arbeid. Men det er mykje å setja seg inn i, seier den nye sjefen.

Lid kjenner verksamda heilt frå 12-årsalderen, då han tok fatt på den første sommarjobben. Den gongen vaska han vindauge.

– Det kjennest godt å vera på plass i Steinsdalen, seier han.

oma@hf.no



Ny logo: Den nye logoen er nyleg teken i bruk. Her er industriarbeidar Kjell Steinar Fosso i ferd med å festa logoen på eit produkt.



Registring i kvar detalji

Maskineringsenter: Guttorm Lid har spisskompetanse på NC-styrte maskiner. Kjeledressane speglar den nye visjonen.